Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Malvik

Emne: Brynet

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Tapper

Gard: Vollan

(adresse): Vikhamar

G.nr. 24 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Oppskrifta er etter eiga röynsle og minne.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Brynet vert kalla „stein" her i bygda.
Det er skilnad på ljåhein og vanleg hein
(blåhein.) Frå gamal tid er ljåhein ein
rund stein. No brúkar ein ljåheinar av
kunststein, dei er flate og vert kjøpt i
forretningane
Det er eit blåheinberg på Rolstad i
Mostadmarka i Malvik. Ei grend i
retning opp til Selbú. I eldre tid vart
det drive út heinar og kaurt til Trondheim
og selde til handelsmennene der.
Alt reidskap og verktøy slipes på ein rund
stein, som står fast i ein búkk, frammed
húsan. Det vert heina etterpå.
Spørsmål fire og fem kan eg ikkje svara
på, då eg ikkje kjenner til det.
Ljåen vert slipa før kvar økt, som kan
vera på tri timar, men heinar så snart
ljåen vert slöv. Og heine ljåen kallast å
„stryke ljån"
Her er brúkt berre rúnde steinheinar så
vidt eg veit, og har höyrt.
Ljåen sit på orvet når ein slipar den
og ein held eggen imot sig

387

I gamal tid var ljåen festa til orvet med bjørktåg (tynn bjørkerot) som var klöyvd etter midten. No brukast jarnstreng (husjtråd) Det har ogso vori brukt breide jarnringa, og da kan ljåen takast frå orvet når ein slipar.

Når ein heinar ljåen står orvet på enden, ljåen opp, og rett ifrå seg på vinstre sida, og ein held i ljåen med vinstre handa.

Stuttorv er ukjent her i bygda.

Koppen som heina vert bori i heiter stråkkhus, og er laga av ein rund bjørk-kubbe som vert utholt. Det var utstyrt med to-tri jarnringar i kring, med ein krok i övste jarnring til å bera etter. Stråkkhuset vart hengt på knivslirreima etter kroken på stråkkhuset Somme bar det bak, somme framma og somme til sida, men som oftast bak.

Ljåheina, både den av naturstein og den av kunststein, fuktes med vatn som er i stråkkhuset.

Til spörsmål 14-15-16-17-18 har eg ingen kjennskap til.

Når dei straukk ljåen, eller heina åt og kniv, sputta dei på heina og sa: „tvi beit!"

Det kan godt vera det i gamal tid var nokre ramser, eller slåttevisor som er ukjente no, for slåttonna var som regel ei svært livfull tid.

Sjurru (skyru) vart slipa og heina på same måte som ljåen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
387